



FLORA KOMMUNE

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016 – 2020 (2028)



Endeleg versjon etter vedtak i Bystyret 21.juni 2016

Innhold

1. OPPVEKST.....	3
2. BUSTADER.....	5
3. NÆRINGSUTVIKLING, VERDISKAPING OG KOMPETANSE.....	6
4. SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR	7
5. KULTUR OG IDRETT	10
6. HELSE OG OMSORG.....	13
7. FOLKEHELSE.....	14
8. KLIMA OG MILJØ	16
9. INNVANDRING OG INTEGRERING	18
10. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON.....	20
11. SAMARBEID UTANFOR KOMMUNEN.....	21

1. OPPVEKST

1.1 *Framtidsbilde*

- Vi oppmuntrar born og unge til sjølvrespekt og respekt for andre. Dei realiserer seg sjølve på måtar som kjem fellesskapen til gode.
- Vi set pris på gode resultat. Men framfor alt rosar vi heilhjarta innsats, vilje til å forbetre seg gjennom nye utfordringar, og styrke til å tole motstand. Vi lar barn og unge oppdage at å vere open og nysgjerrig er dei viktigaste vilkåra for å utvikle kritisk tenking og sjølvinnsikt. All kunnskap startar her.

Vi skaper læringssituasjonar som gir born og unge lyst til å strekkje seg etter nye mål. Vi oppdagar tidleg dei som av ulike grunnar fell utanfor. Vi viser at dei kan stole på oss ved å gje dei den støtta dei treng inntil dei kan stå på egne bein.

1.2 *Vegval*

Det er ved gjensidig forplikting og tillit både i oppvekstsektoren, frå folkevalde og ved involvering av foreldre at vi kan gjere framtidsbiletet til røyndom. Gjennom avtalte prosessar held ein fast på vedtak som blir gjort og ser det som eit felles ansvar å nå måla. Bystyret i Flora er ein aktiv og synleg barnehage- og skuleeigar. Levekårsutvalet har jamleg oppvekstfaglege tema på agendaen. Samarbeidsorgan for foreldre er etablert og blir tatt med på råd. Leiarar i barnehage og skule har faste møtearenaer og nettverk.

- Flora kommune legg vekt på å utvikle barnehagane og skulane som gode læringsarenaer. Tilsette, foreldre og barn er engasjerte i ein årleg gjennomgang av eige læringsmiljø. Kvar barnehage og skule har ein handlingsplan for å skape eit godt psykososialt miljø. Det er faste rutinar for handtering av problematiske hendingar og skulane har felles ordensreglement. Vi har faste rutinar for å gjennomføre og følgje opp brukarundersøkingar, elevundersøking og arbeidsmiljøundersøking.
- Det er ei brei forståing av «kompetanse», det inneber at både kognitiv, praktisk, sosial og emosjonell læring og utvikling blir tatt på alvor. Barn og unge får høve til å anvende ulike kunnskapar, ferdigheter og haldningar og dei blir involverte i demokratisk praksis og i samtalar med mål om etisk refleksjon.
- Vi har faste prosjekt i kommunen som sikrar praktisk læring og samarbeid med ulike aktørar i lokalsamfunnet. Desse er t.d. forankra i "Den kulturelle skulesekken", i "Den naturlege skulesekken" og i ordninga "Lektor2". Realfagssatsinga er eit døme på korleis vi arbeider for å få ei meir praktisk og utforskande opplæring, der spreining av god praksis skjer ved lærarnettverk på tvers av barnehagar og skular. Ulike kulturprosjekt der barn og unge får stå fram, er viktige både i barnehage og skule. Gode vilkår for lek og venskap er kjernen i barnehage tilbudet.
- Barnehagane og skulane tar i bruk sitt eige mangfaldige vesle samfunn og lokalmiljøet, som døme og føredøme på å leve i eit fleirkulturelt og mangfaldig samfunn. Det er også her bevissthet om miljø og berekraftig forbruk startar. Det blir lagt systematisk til rette for at innvandrarak skal tileigne seg språk og samfunnskunnskap. Det blir gitt opplæring i nynorsk, det er også ein del av den lokale tilpassinga. Det er eit kontinuerleg arbeid å finne dei beste organisatoriske og

metodiske løysingane for god integrering. Det er god integrering at barn og unge kjem raskt inn i barnehage og SFO.

- Oppvekstsektoren tar sin del av ansvaret for at barn og unge skal utvikle god helse og gode vanar. Dette er også ein del av arbeidet for sosial utjamning. Barnehagar, skular og SFO følgjer tilrådingane frå Helsedirektoratet om kosthald og fysisk aktivitet. Alle former for fysisk aktivitet i barnehage og skule har som mål å inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede.
- God lokal praksis blir delt og spreidd til alle i kommunen, bl.a. anna gjennom nettverk mellom leiarane i oppvekstsektoren, og mellom lærarar på tvers av einingane. Vi har faste samarbeidsformer i overgangane mellom barnehage/grunnskule/vidaregåande skule. Utviklingsarbeidet hentar også inspirasjon og ny kunnskap gjennom aktivt å følgje med på nasjonal og internasjonal forskning .
- Kollektive mål og løysingar både på tvers og i den enkelte eining gir best gjennomføringskraft og god læring. Målet er å ha felles løysingar på avtalte satsingsområde saman med fridom til å forme eige særpreg. Slik blir det skapt engasjement i den enkelte barnehage og skule. Dette blir følgd opp gjennom leiarnettverk og ved nok kapasitet sentralt i kommunen til å følgje opp sektoren.
- Å sjå prestasjon er bra, å sjå etter progresjon er betre! Barna si utvikling blir følgt tett, og det blir sett inn tiltak tidleg når ein er bekymra. Tidleg innsats er eit felles tverrfagleg ansvar og det blir arbeidd for ei løysingsorientert samhandling mellom barnehage, skule, tenesta for Barn og unge, - for helse- og omsorgstenestene og KF Innvandrarsenteret. I størst mogleg grad finn ein allmenne løysingar og legg ressursar i primærførebygging. Det er eit fast system for kartlegging av fagleg framgang i skulen. Pilotprosjektet «Fleirfagleg blikk» i 3 barnehagar, blir følgd opp med tanke på innføring i alle barnehagane.
- Ein føresetnad for kvalitet er kompetente og engasjerte medarbeidarar. Flora kommune legg vekt både på god rekruttering og på kompetanseheving av dei som er tilsett. Etter- og vidareutdanning blir høgt prioritert, ut frå ein samla kommunal plan.
- Ein bruksplan for barnehage- og skulebygg 2015-2030 gir politisk og administrativt eit tilstrekkeleg grunnlag og oversikt til å tilrå og fatte langsiktige vedtak om kommunal barnehage- og skuledrift. Det gjer det føreseieleg for alle partar.
- Tilstandsrapporten for grunnskulen gir kvart år oversikt over utviklinga på utvalde område.

2. BUSTADER

2.1 *Framtidsbilde*

- Flora er ein attraktiv bustadkommune. Flest mogleg bur varig i eigne eller leigde bustader.
- Flora kommune utnyttar sine arealreserver effektivt og medverkar til realisering av tilrettelagde bustadmiljø som fremjer trivsel og intergrering.
- Flora kommune eig/disponerer ei differensiert fleksibel bustadmasse som samsvarer med brukarbehov og utviklingstrekk i Florasamfunnet.
- Kommunen samarbeider med private aktørar for å dekke ulike gruppers bustadbehov.
- Utbyggingsmønsteret er berekraftig. Det vert stilt krav til nye bustadprosjekt jamfør reguleringsplanverk. Det er utvikla eit fortetta utbyggingsmønster med krav til funksjonar og kvalitetar, mellom anna sosiale møteplassar, grøne område og standard på vegnettet.
- Heimebaserte tenester vert ytt i eigen, leigd eller kommunal bustad. Kommunen har eit koordinert bustad- og tenestetilbod. Kommunen bistår med tilrettelegging for at folk kan bu heime så lenge som mogleg. Samarbeid med frivillege, pårørande og bruk av velferdsteknologi er viktig.

2.2 *Vegval*

Den generelle bustadmarkaden

- Kommunen er tilrettelegg for variert og føremålsteneleg bustadsamansetnad i heile kommunen.
- Kommunen sørgjer for at det er arealreserver til bustadbygging.
- Kommunen medverkar til å halde utbyggingskostnadane av nye bustadfelt på eit forsvarleg nivå. Bruk av utbyggingsavtalar kan vere ein mogleg metode for å sikre finansiering og framdrift i byggeprosjekt.

Bustadstrategi for dei som har vanskar med å etablere seg i bustadmarknaden:

- Kommunen bistår personar som har utfordringar med å skaffe seg eigen bustad gjennom råd og rettleiing. Vi samarbeider med private utbyggjarar for å dekke bustadbehov, og for å oppnå mest mogleg rasjonell bustaddrift. I gjennom kombinasjon av private aktørar, kommunalt eigde bustadar og anna disponert bustadmasse opprettheld kommunen tilbod til dei som har størst vanskar med å få bustad på det private marknaden .
- Den kommunale bustadmassen skal samsvare best mogleg med dokumenterte bustadbehov. Det vert aktivt selt/anskaffa bustader etter behov.
- Flest mogleg skal integrerast i den ordinære bustadmarknaden. Kommunen sin bustadaktivitet er sjølvfinansierande. Husleigenivået speglar marknadsprisen. I alle nye større byggeprosjekt vert det vurdert kjøp av ein viss andel einingar og/eller tomter.
- Kommunen aukar fleksibiliteten i kommunale bustader via tverrfagleg samarbeid og koordinert bruk av eventuelle støttetjenester og bustadsosiale virkemiddel.
- Kommunen medverkar til at unge i etableringsfasen, eldre, funksjonshemma, og vanskelegstilte skal kunne kome seg inn i bustadmarknaden. Metodikken "frå leige til eige" vert nytta aktivt, og gir moglegheit for å bu seg inn og kjøpe kommunale bustader.
- Kommunen skal arbeide for å samlokalisere bustad for ressurskrevjande grupper innan helse og omsorg. Mål er eit attraktivt, tilrettelagt, godt og fleksibelt tilbod i eigen eller leigd bustad med god kvalitet, bredde i fagkompetanse og effektiv ressursbruk.

3. NÆRINGSUTVIKLING, VERDISKAPING OG KOMPETANSE

3.1 *Framtidsbilde*

- Flora er ein attraktiv kommune å etablere næring i og staden for å skape dei nye arbeidsplassane. Det ligg til rette for etablering av eit innovativt og kompetent næringsliv, spesielt for næringsliv basert på naturgitte føresetnader. I Flora støttar ein opp om å bygge kompetanse, ivareta og sikre miljøutfordringar og å skape eit mangfaldig næringsliv i vekst, som står godt rusta til å møte morgondagens utfordringar.

3.2 *Vegval*

- Flora skal vere i førarsetet og vere eit senter for dei kystbaserte næringane. På den måten skal Florø, som ein moderne og framtidretta by, sette seg i posisjon for å bli det kraftsenteret Sogn og Fjordane og kysten treng. For å oppnå dette må ein etablere Florø som senter for utvikling innan kystbaserte næringar samt moglegheitene i havrommet. Ein må utarbeide planar som gjer grunnlag for marin verdiskaping, og sikrar godt og tydeleg kommunikasjonsgrunnlag som marknadsfører moglegheita kysten gjer. Desse planane samt å arbeide aktivt med å planlegge og legge til rette for sentrumsnært næringsareal generelt og næringsareal spesielt i høve nye næringar innan havrommet er ein føresetnad for den investeringa som må til.
- Flora skal vere leiande innan utvikling av framtidretta næringar basert på naturgitte føresetnader og med spesiell merksemd på moglegheitene i havrommet. I Flora skal ein vere spesielt god på å ivareta utvikling av næringslivet med merksemd på nye gründerar og knopskyting frå næringslivet for å skape nye arbeidsplassar.
- Vi skal nytte våre naturgitte fortrinn for å vidareutvikle eksisterande kompetanse og tileigne ny kunnskap for framtidens næringsliv. Her kan ein Campus Florø bidra til å sikre god samhandling mellom ulike aktørar, næringsliv, utdanning, offentleg og private i tillegg til kultur og idrett. Det vil bli naudsynt å styrke samarbeid mellom skule og næringsliv, som igjen kan sikre at ein vidareutviklar høgskuletilbod i høve næringslivets framtidige behov, sikrar lærlingplassar og praksisplassar gjennom å motivere og marknadsføre for framtidens arbeidstakarar.
- Der Flora har eit fortrinn må det politiske og næringslivet samarbeide for å sikre etablering av offentlige arbeidsplasser. Etablering av offentlege arbeidsplassar skal bidra til å sikre ei dynamisk næringsutvikling.
- Det vert også viktig å bygge eit attraktivt urbant sentrum. Ein må mellom anna revidere sentrumsplanen med fokus på å sikre utvikling og vekst i service- og handelsnæringa, legge til rette for auka kapasitet for Hotell- og Konferansefasilitetar i sentrum, likeins skape eit levande og aktivt bysenter ved å utarbeide eit godt samarbeid for å sikre gode parkeringsmoglegheiter. Større merksemd på kulturbasert næringsutvikling kan vere spesielt positivt for å oppnå dette.
- Det vert viktig å sjå moglegheita for eit regionalt samarbeid om både næringsutvikling, samferdsle, os som felles bu- og arbeidsområde. Då ser ein både austover og langs kysten. Dette samarbeidet med våre nabokommunar skal stimulere til verdiskaping og attraktivitet, felles bu- og arbeidsmarknad samt bidra til befolkningsvekst på kysten og i Flora. Her vert det viktig å sikre

gode samferdsleløysingar. Dette gjeld tilrettelegging for Kystvegen, Florø Lufthamn og regionale og lokale båttruter samt god kollektivtrafikk. Flora kommune ynskjer å ligge i forkant av framtidige miljøkrav, ei av satsingane er å sikre utvikling av grøn skipsfart. Dette både når det gjeld passasjertrafikk og gods frå land til sjø.

- I tillegg må ein sikre tilrettelegging av hamner og innsegling for auka marknadstilgang for næringslivet. Det er og viktig at ein aukar kapasiteten for mellombels innkvartering av arbeidskraft i høve marknadens behov.
- Ein må styrke samhaldet i etablert næringsliv og samordning av større satsingar for å sikre ei høgare verdiskaping lokalt. Her kan det å spele på Flora sine fortrinn for å sikre merksemd og auka verdiskaping innan feltet Redning og beredskap gje store synergjar og stå høgt opp på prioriteringane.
- Næringslivet i Flora Kommune skal sjå det som føremålstenleg å tenkje miljøeffektivt, berekraftig og rette seg mot ein sirkulær økonomi som kan behalde ressursar lengre i materialkretsløpet gjennom til dømes vedlikehald, ombruk og økodesign.
- I Flora kommune skal ein legge til rette for utvikling av distriktssentera og spesielt skal ein sjå på framtidig potensiale og konkret utvikling av kystlandbruket, eksempelvis når det gjeld lokal mat og mjølkeproduksjon og sikre at ledig bygningsmasse vert nytta til mat, kultur og tradisjon. Kystlandbruket skal utviklast til ei attraktiv næring.

4. SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR

4.1 Framtidsbilde

Flora skal vere eit knutepunkt for transport og kommunikasjon på sjø, land og i lufta.

4.2 Vegval

- *Flora kommune skal legge til rette for utvikling og vekst i alle typer samferdsle som grunnlag for næringsutvikling og utviding av bu- og arbeidsområdet.*
- *Kommunen skal vere ein aktiv samarbeidspart for fylkeskommunen, andre kommunar og næringslivet når det gjeld utvikling av samferdsle.*
- *Kommunen skal være proaktiv i statlege og regionale plan- og tildelingsprosessar.*

Sjøtransport

I følge NTP 2014 - 2023 skal det satsast ytterlegare på sjøtransport. Hamnene er knutepunkt mellom sjøvegen og vegnettet på land. Flora skal være knutepunktet i fylket for transport mellom veg og sjø. Vegval for å nå dette:

- Flora Hamn skal ha anløp av godsruiter i kyst og Nordsjø- fart, der farleiene er tilpassa noverande og framtidige fartøy og regelverk.

- Florø hamn skal være utskipingshamn for forsyningar, utbyggingar og vedlikehald til oljefelt samt knutepunkt for industrirelaterte produkt frå Sogn og Fjordane.
- Det skal utviklast utstrakt samarbeid mellom dei hamnerelaterte næringsaktørane for å effektivisere det samla hamnetilbodet.
- Samarbeidet i Alden hamneområde vert nytta til vidareutvikling av Flora hamn som eit administrativt transportknutepunkt, dette gjeld import/ eksporthamn for varer til/ frå heile fylket dvs. container transitthamn. Samarbeid utover Alden skal vurderast der det er hensiktsmessig.
- Framleis anløp i Florø for Hurtigruta Bergen – Kirkenes.
- Containertrafikken over Fugleskjærskaiia skal reduserast vesentleg, då Fjordbasen er eit betre eigna plassering.

Vegsamband

Det er naudsynt for vidare vekst og utvikling av større nærings- og buareal at vegsamband er i tråd med nasjonale vegnormalar. Vegval for å nå dette:

- Arbeide med traseval for heile kystvegen gjennom kommunen, både nord og sør.
- Viktigaste enkelttiltak er realisering av kystvegen Ålesund – Bergen.
Første steget er strekninga Måløy – Florø, det andre steget er samband mellom Florø og Dale, med kryssing av Førdefjorden der prioriterte trasear er:
 - Nordover til Måløy via Grønenga og Terdal med tunnel til Vindspollen i Bremanger.
 - Sørøver til Askvoll med kryssing av Førdefjorden i området Vevring / Flokeneset.
 - Midtvegen vært realisert til Midtre Nordfjord via Storebru, Hyen og Sandane.
- Logisk vegsambinding mellom Riksveg, Fylkesveg og kommunalveg, eksempelvis sambinding av Riksveg 5. med oppgradering av Markegata / tilknytning til Havrenesvegen / Kinnvegen.
- Flora kommune skal inneha eit kommunalt vegnett som er opprusta og funksjonelt, samt tilpassa brukarane sitt behov. Det er eit mål at det skal være fast dekke på alle kommunale vegar.
- Tilrettelagd parkering for tunge køyretøy/ buss.
- Tilrettelagd parkering for campingbil m/ tømmestasjon/ straum og vann.
- Det skal etablerast tilgang til sanitærfacilitetar, gjerne i samarbeid med gjestebrygga i Florø.

Florø lufthamn

Lokalisering og tilbodet ved Florø lufthamn har vore og er avgjerande for vidare utviklinga av Flora kommune. Målsetting er at Florø lufthamn skal være hovudlufthamn i Sogn og Fjordane. Vegval for å nå dette:

- Oppretthalde to helikopter-basar i Florø for transport og ferdsel til Nordsjøen samt SAR-beredskap og redning: (fast redningshelikopterbase i Florø med minst to helikopter).
- Utviding av helikopterbase for tilrettelegging av auka offshoretransport.
- Arbeide for utviding av terminalkapasitet, rullebane og brann/ beredskap til framtidige behov (oppfølging av NTP).
- Regional lufthamn med direkteruter til/ frå Bergen og Oslo, samt vurdere trafikk nord og vest.
- Korrespondanse med hurtigbåt og buss for å styrke flyplassen som trafikk- knutepunkt.
- Etablering av strategisk plan for flyrutene ved Florø lufthamn, inkl. Charterflyging til utlandet.
- Toll-klarering i Flora må oppretthaldast.

Digital infrastruktur (Breiband).

Alle i kommunen skal ha tilgang til internett med breibandkapasitet. Det skal være minst 4G+ dekning i heile Flora kommune. Vegval for å nå dette:

- Det må kartleggast verkemidlar og samarbeidsaktørar for nett og mobil i Flora kommune.
- Utarbeide/ oppdatere årlege dekningskart.
- Finansieringsmodell inkl. søknadar.
- 4G+ i heile kommunen innan 2018.
- Mobildekning/ DAB Førde - Florø.
- Breiband 100 mbt i heile kommunen.

Kollektivtransport

Gode korresponderande og konkurransedyktige rutetilbod med buss, båt og fly samt tilrettelegging for elektriske køyretøy, som er slik utforma at alle kan nytte tilbodet (universell utforming). Vegval for å nå dette:

- Florø skal være ein del av ekspressbussnettet.
- Korresponderande Regionale bussrutetilbod til/ frå Florø, inkl. direkteruter.
- Lokale bussrutetilbod i Flora kommune som koplar bustadområder og grendene til bykjernen, passasjerterminal på hamna samt bybuss/ flybuss.
- Samanhengande ekspressbåtruter mellom Bergen - Ålesund via Stad Skipstunnel.
- Pendlarrute Lutelandet - Florø - Måløy.
- Gode lokale båtruter i Flora bassenget og regionale båtruter som knyter Flora og nabokommunane saman til eit sams bu og arbeidsområde.
- Etablering av informasjonstavler knytt til busstrafikk.
- Etablering av Flora-app knytt til alle kollektive tilbod.
- Auka satsing på kollektivtrafikk særleg buss.

Parkering/ Miljø

Florø kommune skal ha høgt fokus på å fremme miljøvennlege og sunne tiltak for ferdsel. Vegval for å nå dette:

- Vidare tilrettelegging og satsing på Florø som sykkelby.
- Vidare tilrettelagt parkering for elektriske køyretøy med parkering og ladestasjonar i Flora kommune.
- Tilrettelegging for fylllestasjon for hydrogen.
- Kartlegging av parkeringsbehov og planlegging for parkeringsløysingar i Flora kommune, med stimulering for å utvide parkeringskapasitet og parkerings- sone.

Trafikktryggleik

Det er eit overordna nasjonalt mål å ivareta 0-visjonen (null varig skadde og drepne i trafikken). Det skal leggast til rette for at flest mogleg skal kunne gå eller nytte sykkel som alternative til personbil. Vegval for å nå dette:

- Utarbeide kommunedelplan for sykkelvegnettet i sykkelbyen.
- Etablere eit samanhengande gang og sykkelvegnett i, til og frå sentrum, samt tørr sykkeloppstilling med god tilgang til sikring.
- Trygg skuleveg for alle i kommunen samt revidering og oppfølging av Trafikktryggleiksplanen, inkl. førebyggjande arbeid.
- Fokus på utbetring av farlege punkt på veg, inkludert vurdering av etablering av fotoboksar eller andre fartsdempande tiltak.

5. KULTUR OG IDRETT

5.1 *Framtidsbilde*

- Flora kommune har eit mangfaldig kultur, idretts- og friluftsliv. Vi følgjer Kulturlova, Opplæringslova og Folkebiblioteklova og legg til rette for oppleving, opplæring og deltaking **for alle**. Samarbeid med frivillig sektor er ein nøkkel for å nå målet om mangfald og inkludering. Kystkulturen skal framhevast som viktig for kommunen sin identitet og styrke vårt omdømme.

5.2 *Vegval*

- Den kommunale organisasjonen skal i alle ledd samarbeide med frivillig sektor med utgangspunkt i organisasjonane sine behov og ønske. Eigna lokale i offentlege bygg skal vere tilgjengeleg for frivillige.
- Flora samfunnshus skal reindyrkast som eit kulturhus, der kulturtenestene er samlokaliserte og frivillige kulturorganisasjonar får faste øvingslokale og lagerplass for utstyr.
- Flora folkebibliotek blir vidareutvikla som eit lågterskeltilbod og møteplass på tvers av kulturar, generasjonar og språk, gjerne i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Ein skal vurdere å innføre system for auka opningtid for publikum, samt arbeide aktivt med formidling av litteratur.
- Det blir innført makspris på kulturskule.
- Haffen er ein møteplass for ungdom, og ein viktig arena for eigenorganisert aktivitet.

Kulturminne

- Delar av bymiljøet i Florø sentrum er av nasjonal interesse og ein del av riksantikvaren sitt NB!Register, desse miljøa skal ha eit særleg vern gjennom omsynssone H570.
- Kinn kyrkje, helleristningsfeltet i Ausevik, Stakaldeneset, Svanøy hovedgård og steinkrossen , fornminna i Brandsøy, gravrøysene i Årebrot, krigsminna på Florelandet, galeasen Svanhild, båten Atløy og dei tre fyra Stabben, Kvannhovden og Ytterøyane er særleg viktige kulturminne.
- Sjøhusmiljøa i øyane er ein viktig del av Flora sin identitet som kystkommune. Forvaltning og utvikling av desse følgjer retningslinjer i kommunens arealplan. Gjennom arealplanen blir minimum eit sjøhusmiljø gitt ekstra vern gjennom omsynssone H570.
- Krigsminna blir gitt særleg vern gjennom omsynssone H570 ved revidering av Sentrumsplanen og KDP Florelandet Brandsøy.
- Det blir utvikla eit handlingprogram for formidling og forvaltning av dei særleg viktige kulturminna, samt formidling av immaterielle kulturminne knytt til desse. Sjøhusmiljø med ekstra vern tas inn i planen.
- Det blir etablert eit fond for utvikling og rehabilitering av kulturminne.

Næringsretta kulturpolitikk- profesjonell kunst

- Flora kommune sin kunstpolitikk er framtidsretta og har fokus på produksjon og formidling av samtidskunst innan fleire sjangrar td. visuell kunst, scenekunst, musikk og skrivekunst.
- Det blir etablert eit nettverk for kreative næringar i Sunnfjord. Profesjonelle aktørar innan kreative næringar skal nyttast aktivt i planporsessar og prosjekt der det er relevant.

- Det blir oppretta ein stipendordning for kunstnarar, der ein vurderer verkstadfunksjonar og motytingar, td. Artis in residence.
- Kunstprogrammet for den blå promenaden etablerast.
- Ved bygging av kommunale bygg, blir det sett av 1% av byggekostnadane til kunst i bygget.
- Det skal etablerast eit kunstfond som kan sjåast i samanheng med kommunen sine overordna kunstpolitikk og samarbeid om temporære kunstprosjekt.

Frivillig sektor, idrett og friluftsliv

- Frivillige organisasjonar skal høyrast i saker, prosjekt og planarbeid som er relevant for dei. Flora kommune sin primære høyringsinstans mot dei frivillige er gjennom Flora idrettsråd og Flora musikkråd.
- Dialogen mellom frivillig sektor og det offentlege blir sikra gjennom årlege møtepunkt. Flora frivilligsentral har ei særleg rolle som tilretteleggar for dialog og inkludering i frivillig arbeid.
- Det blir fordelt kulturmidlar til lag og organisasjonar kvar år.
- Frivillig sektor og moglege fritidsaktivitetar skal gjerast synlege og tilgjengelege for nye innbyggjarar. Kommunen har ei aktiv rolle i dette arbeidet.
- Flora kommune skal legge til rette for anlegg og tiltak som stimulerer barn, unge og eldre til fysisk aktivitet.
- Prinsipp for fordeling av treningstider skal gjelde alle dei kommunale fleiridrettsanlegga, slik som fleirbrukshallar og gymsalar. Barn og unge skal bli prioritert i kjernetida. Det blir utarbeidd ei nettside som gjer det enkelt for frivillige å finne ledige øvings- og treningslokale.
- Pris for leige av øvings- og treningslokale skal haldast på eit lågt nivå. Barn og unge skal prioriterast, og det skal vere eigne prisar for lag og organisasjonar.
- Flora kommune skal sikre drift av dei store fleiridrettsanlegga i kommunen. Ein felles driftsorganisasjon for dei kommunale idrettsanlegga blir vurdert, der ein også tar høgde for behov for bemanning ved arrangement osv. Drift av nærmiljøanlegg, leikeplassar og gymsalar blir også vurdert i denne samanheng.
- Arealplanen skal sikre dei sentrumsære grønne lungene. Det skal fortsatt vere ein samanhengane turstinett frå Havreneståa til Brandsøyåsen. Nærfriluftslivet blir prioritert med tanke på merking og gradering. Flora kommune skal sikre drift og vedlikehald av desse.

Anlegg og arenavikling

- Flora kommuen skal prioritere drift, vedlikehald og rehabilitering av eksisterande anlegg.
- Det skal vere eit mangfald av idrettsanlegg, der anlegg som legg til rette for fleire idrettar skal prioriterast. Nye store anlegg, skal primært plasserat i nærhet til andre offentlege bygg . Type anlegg skal vurderast utifrå behovet frå brukargruppene og sikre at flest mogleg får høve til å vere i fysisk aktivitet. Desse vurderingane skal ligge til grunn for utvikling av handlingsprogram for ordinære anlegg.
- Nærmiljøanlegg skal legge tilrette for aktivitet på tvers av kjønn, alder og aktivitet. Eksisterande nærmiljøanlegg skal kartleggast med tanke på vedlikehaldsbehov og funksjonskrav. Utvikling av nærmiljøanlegg knytt til skular og andre eksisterande anlegg skal prioriterast. Desse vurderingane skal leggast til grunn for utvikling av handlingsprogram for nærmiljøanlegg.
- Arenaer for kulturutøving skal kartleggast. Forhold knytt til akustikk og tekniske forhold blir vurdert med tanke på kulturen sine behov. NS8178:2014 *Akustiske kriterier for rom og lokaler til*

musikkøvelse blir fulgt ved rehabilitering, utvikling og nybygg. Disse vurderingane skal leggest til grunn for utvikling av handlingsprogram for kulturbygg.

6. HELSE OG OMSORG

6.1 *Framtidsbilde:*

- Brukaren er i fokus. Vi har eit heilskapleg og fleirfagleg tenestetilbod med mål om eigenmeistring. Det er fokus på læring, meistring og rehabilitering. Innbyggjarane må ta meir ansvar for å meistre utfordringar i eige liv, men det offentlege hjelpeapparatet skal bistå innbyggjarar som strevar med å finne måtar å meistre livet sitt på.
- Innbyggjarane i Flora kommune tar ansvar for eiga helse og alderdom. Gjennom førebygging, rehabilitering, velferdsteknologi, bustadtilpassing, fysisk aktivitet, og eit generelt folkehelseperspektiv i alt ein gjer.
- Innbyggjarar (alle grupper) som treng helse og omsorgstenester får trygge tenester der dei er. Den enkelte innbyggjar skal kunne bu heime med tilstrekkeleg bistand i eigen heim. Bistand i eigen heim vil vere grunnpilaren i tenestetilbodet.
- Sjukeheimplassar er i hovudsak eit butilbod til personar med aldersdemens, i tillegg til eldre med omfattande funksjonssvekkelsar.
- Innbyggjarane finn lett tilgjengeleg informasjon om helse-og omsorgstenestene som fins i kommunen. Organisasjonen er prega av god kommunikasjon og forventningsavklaringar.
- Innbyggjarar som har behov for, og kvalifiserer for dag og aktivitetstilbod skal ha ein arena å gå til der dei opplever meistring. Flora kommune har fokus på førebyggingsperspektivet som ligg i det å ha faste rutiner, og ein arena å gå til.
- Vi har fagleg gode og fleksible miljø, fokus på kompetansebygging på årlege satsingsområde.
- Vi yter gode koordinerte tenester, har fleirfaglege og tverrfaglege tenester med målretta tiltak. Sampro (Individuell Plan) vert akryvt nytta som samarbeidsplattform med brukaren i fokus.
- Flora kommune er ein organisasjon som er prega av tydeleg leiing og lojalitet til fatta vedtak og avgjerder. Avgjerder vert fatta til beste for brukarane, og vi har ein struktur der vi kan løyse oppgåvene på tvers av tenester og budsjett.

6.2 *Vegval:*

- Fokus på forebygging og tidleg innsats når det gjeld barn og unge. Vi skal førebygge og rehabilitere for å utsette trong for helse-og omsorgstenester for alle innbyggjarar gjennom tverrfagleg målretta tiltak, både system og individnivå.
- Planlegging og tiltak skal ha fokus på innbyggjarane si meistring av eige liv, og det å nytte folks eigne ressursar best mogleg. Brukaren i fokus, det vil seie ansvar for eige liv, og tildelt tenester utifrå den einskilde sitt behov.
- Samlokalisering av helse,- og omsorgstenester for å nytte kompetanse og ressursar best mogleg.
- Kompetente og fleksible tilsette, der vi tenkjer tverrfagleg og team-modell arbeid til beste for brukarane våre.
- Planlegge og dimensjonere eldreomsorga i tråd med demografisk utvikling. Flora kommune skal ha ein heimetenestebasert omsorgsmodell med omsorgsbustader med heildøgns omsorgstilbod. Sjukeheimane skal nyttast hovudsakleg til aldersdemens og eldre med store funksjonssvekkelsar
- Vi skal ha leiarar som har fokus på leiing, kultur og haldningar.
- Brukarundersøkingar vert nytta til å måle brukar- og pårørande tilfredshet.
- Lett tilgjengeleg informasjon om ulike tilbod på heimesidene til kommunen.
- God kommunikasjon ut til innbyggjarane, og avstemte forventningsavklaringar i lokalsamfunnet.

7. FOLKEHELSE

7.1 *Framtidsbilde*

- I Florasamfunnet skal alle bli inkludert. Alle vil og kan bidra, noko Flora kommune og samfunnet elles aktivt legg til rette for.
- Flora kommune sine innbyggjarar skal ikkje oppleve uønskt isolasjon og einsemd, er aktive og nyttar dei mange tilboda som i dag er tilgjengelege i kommunen. Offentleg sektor, bedrifter, frivillig sektor, organisasjonar og enkeltmenneske bidreg til at det er enkelt å ta sunne val og leve eit aktivt liv.
- Flora kommune er ein organisasjon som fremmar barn og unge si psykiske og fysiske helse. Dei kommunale tenestene har fokus på sunt kosthald for alle aldersgrupper.
- I velferdsstaten Noreg er det viktig å hindre at det oppstår for store sosiale ulikskapar i samfunnet. Det viktigaste målet på sosioøkonomisk status er utdanning, yrke og inntekt. Vi definerer tre område som hovudkjelder til sosial ulikskap og reproduksjon av marginale grupper i samfunnet: utdanning, arbeid og bustad. Flora kommune motverkar utvikling av sosial ulikskap og har eit arbeidsliv som har rom for alle.
- Flora kommune gjev god informasjon som fremjar folkehelsa, det kommunale tenestetilbodet og om innbyggjarane sine rettar og plikter.

7.2 *Vegval*

- Kommuneplanen i Flora har utjamning av sosial ulikskap som den fremste av fleire overordna verdiar og har som sentralt mål å jamne ut sosial ulikskap. Universelle verkemiddel som inneber prinsipp om at tenester og ytingar skal omfatte alle og ikkje berre målrettast mot utvalde vanskelegstilte grupper står sentralt.
- Arbeid er sterkt identitetsskapande og det å stå utanfor arbeidslivet virkar tilsvarande sterkt marginaliserande. I Flora kommune skal innbyggjarane i arbeid eller arbeidsrelatert aktivitet. Det vert stilt krav til både offentleg og privat sektor om å tilby arbeidsplassar eller aktivitet til dei som ikkje meistarar ordinært arbeidsliv.
- God integrering av innvandrarak som får innvilga opphald i Norge er eit satsingsområde. Barnehageplass, språkopplæring, utdanning og arbeid er viktige faktorar for å lukkast med dette.
- Låg sjølvkjensle og svake skuleprestasjonar er i dagens samfunn marginaliserande og er med på å reproducere sosial ulikskap. Flora kommune skal ha tenester som identifiserer barn med behov for tidleg tverrfagleg innsats, og skal syte for at nødvendige tiltak vert sett i verk for å førebygge at innbyggjarane seinare i livet fell utanfor skule og arbeidsliv.
- Flora kommune ser det som viktig at barnehagane og skulane har mangfaldige arenaer der alle barn kan oppleve meistring tilpassa deira evner og styrker. Alle barn skal få tilbod om barnehageplass. Det skal vere legitimt å behandle barn ulikt for at dei skal kunne lukkast i skulen og forløyse sitt ibuande potensial. Barnehagane og skulane skal stille rettkomne krav og forventingar til både barn og foreldre, på barna sine vegne.
- Alle som går ut av grunnskulen skal fullføre vidaregåande opplæring innan normert tid. For å lukkast med dette må det m.a. vere god tilgang på praksisplassar og lærlingplass for yrkesfaga.
- I løpet av planperioden har grunnskulane og Flora vidaregåande skule lagt til rette for elevtilpassa kroppsøving slik at alle deltek i og slik får standpunktkarakter i kroppsøvingsfaget.
- I løpet av planperioden skal grunnskulane ha lagt til rette for ein time dagleg fysisk aktivitet for alle elevar.

- Kommunen skal vidareutvikle eit allereie godt tilbod av sykkelveggar og tur- og friluftsområder som gjer at alle kan leve aktive liv. Kommunen har eit breitt tilbod av kultur -og fritidstilbod mellom anna i regi av frivillige organisasjonar. Fritid og frivillig arbeid er ei god ramme for mange til å vere aktive og deltakande i lokalsamfunnet, noko som bidreg til mindre einsemd og fremmar helse og trivsel.
- Skulane og barnehagane i Flora kommune skal arbeide for at elevar og foreldre følgjer kostråda frå Helsedirektoratet. Kantinemat og måltida som vert servert skal vere sunn og næringsrik. I løpet av planperioden skal det innførast brukarfinansiert matsservering dagleg i alle dei kommunale barnehagane.
- Psykiske lidingar i barne- og ungdomsåra aukar risikoen for fysisk sjukdom, fråfall frå skulen, lausare tilknytning til arbeidslivet og rusmisbruk. Barn som viser teikn til psykiske plager, eller som er eksponert for alvorlege risikoforhold skal fangast opp så tidleg som råd. Tverrfagleg samarbeid mellom barnehagane, skulane og helsetenesta er viktig for å lukkast med dette.
- I arbeidet med psykisk helse skal kommunen legge vekt på miljøfaktorar og på dei forholda som påverkar psykisk helse og trivsel. I folkehelsearbeidet må det leggast særleg vekt på føresetnader for meistring. Alle skal oppleve meistring i sin kvardag, gjennom ei oppleving av tilfredsheit, tilhøyrighet, personleg utvikling og vekst, autonomi og positive relasjon og mening.

8. KLIMA OG MILJØ

8.1 Framtidsbilde

- Flora skal ta del i utviklinga av framtidens nullutslippssamfunn og er ein føregangskommune når det gjeld klima og miljø på Vestlandet.
- Gjennom Paris-avtalen har Norge forpliktet seg til å kutte 40% klimagassutslipp innan 2030 samanlikna med utslipp i 1990. Det langsiktige målet er null- utslipp av klimagassar innan 2100. Flora kommune skal gjere sitt for at måla i Paris-avtalen vert nådd.
- Flora kommune sluttar også opp om FN sine berekraftsmål¹ med størst vekt på:
 - Mål 13: Vi må straks handle for å stoppe klimaendringane og motverke konsekvensane av dei.
 - Mål 14: Vi må ta vare på og bruke hav- og marine ressursar på ein berekraftig måte .
 - Mål 15: Vi skal og verne, gjenoppbygge og støtte berekraftig bruk av jorda sine økosystem, sikre berekraftig forvaltning av skog og trygge artsmangfaldet.
- Sirkulær økonomi har som mål å behalde ressursar lengst mogeleg i materialkretsløpet gjennom til dømes vedlikehald, ombruk og økodesign. Dette er ressurseffektivt og kan skape arbeidsplassar. Flora kommune skal tilrettelegge for aktivitet og næringsliv som ynskjer å jobbe mot ein meir sirkulær økonomi.

8.2 Vegval

Klimatilpassing

- Flora var første kommune i landet som satt dette på dagsorden. Klimaendringane gjev mange utfordringar i kommunen. Ras, ekstremvær, stigande havnivå og overvassproblematikk er nokre døme på utfordringar kommunen må løyse i framtida. Dette må gjerast gjennom bruk av føre-var-prinsippet og god planlegging. Haffen er eit døme på sjønære eigedomar som må hevast for å møte stigande havnivå. Flora vil òg måtte forhalde seg til dei indirekte utfordringane klimaendringar i andre land kan føre med seg; redusert mattilgang gjennom import kan være eit scenario. Jordvern, landbruk og til dømes parsellhagar vurderast i den samanheng. Svekking av førtilgangen for jordbruk og oppdrettsnæring er òg eksempel på komande utfordringar. Samarbeid mellom næringane og det offentlege er viktig for å være førebudd på slike situasjonar.

Berekraftig ressursforvaltning og bevaring av biologisk mangfald

- Flora kommune har naturjevne fordelar når det gjeld kystressursar. Det skal leggest til rette for verdiskaping og for at ressursane vert berekraftig nytta. I denne samanheng er det viktig å få på plass komplette marine grunnkart. Biologisk mangfald i kommunen er delvis kartlagt. Tilgjengeleg informasjon må samanfattast , og kartlegging skal integrerast i daglege rutinar som til dømes ved nye tiltak og ved synfaringar. Supplerande kartlegging må utførast der det er fare for forringing av ressursar og mangfald.

Rein energi

- Gjennom energieffektivisering, tilrettelegging for lading og fylling av transportmiddel som går på elektrisitet og hydrogen, skal utslippet av ureining til luft reduserast. Flora kommune held fram med å legge til rette for å nytte sykkel i kvardagen for alle innbygarane. Kommunen skal arbeide for å fremje produksjonen av fornybar energi i alle bygningar (plusshus) ved å vere gode på tilrettelegging for tiltakshavarar som ynskjer å nytte teknologi med fornybare energikjelder. Sakshandsamingsprosessen for slike tiltak skal gjerast effektiv og Flora skal gå føre som eit godt døme for andre kommunar. Når kommunen treng nye lokale eller kommunale bustadar, skal det

prioriterast å kjøpe seg inn i bygg som nyttar slik teknologi. Ofte vil teknologi for elproduksjon gjere det mogleg å klare seg utan straumnett-tilkopling i periodar. Dette gjer at implementering av klimavenleg teknologi, til dømes solceller, vil fungere som klimatilpassingstiltak med tanke på at små einingar er sjølvstendige og kan minske konsekvensane ved straumbrot. Kommunen skal utarbeide og gjere tilgjengeleg ulike former for stønad for tiltakshavarar som ynskjer å ta klimavenleg teknologi i bruk. Bruk av fossil energi i bygg skal fasast ut innan 2025, og innanfor transportsektoren har ein mål om å redusere fossil energibruk med 50 % før 2030. Ved planlegging og rehabilitering av nye og eksisterande bygg i kommunal regi skal det leggast til grunn energifleksible løysingar.

Avfall og utslepp

- Grad av kjeldesortering av avfall og resirkuleringsgraden skal aukast. Det må satsast på utnytting av biologisk avfall frå til dømes oppdrettsnæringa. Gjennom bevisstgjerig, betre tilrettelegging av avfallhandteringa og handheving av ureiningslova skal det ryddast opp i villfyllingar og hindrast at nye oppstår. Dette skal også hindre at avfall vert dumpa eller bles på sjøen. Flora kommune jobbar for å avdekke avvik og forhindre utslepp av slam og avløpsvatn. Det skal fokuserast på utslepp til og avfall i sjøen og strandlinja.

Natur og Friluftsliv

- Flora kommune skal fortsette det gode arbeidet med å sikre grønne nærmiljøområder og turvegar. Det skal vurderast statleg sikring av dei grønne områda i Storåsen, Litlevatnet, Storevatnet og Brandsøyåsen for å oppnå varig vern av desse områda.

Miljøomsyn i innkjøp

- Flora kommune skal gjennom si rolle som innkjøpar vektlegge miljøomsyn i offentlege innkjøp og slik påverke næringslivsaktørar til å vere miljøbevisste i utviklinga av varer og tenester. Det skal etterspørjast miljøvennlege varer og tenester kommunen treng si daglege drift, på bakgrunn av livsløpskostnader og kvalitet.

Bevisstgjerig

- Klima- og miljøomsyn skal integrerast i alle sektorar i kommunen. Det betyr at folkevalde og administrasjonen skal vere oppdaterte og informerte om miljømåla i kommunen. Informasjon om miljøvenlege val skal gjerast lett tilgjengeleg for innbygarane for å betre folk sine haldningar til miljø- og klimaarbeid.. Samarbeid med skular og barnehagar skal styrkast for å tilrettelegge for prosjekt som omhandlar miljø og klima.

9. INNVANDRING OG INTEGRERING

9.1 *Framtidsbilde*

Flora kommune er ein føregangskommune innan innvandrings- og integreringsarbeid i Norge. Kommunen har fokus på god språkopplæring, jobb og tilgang til sosialt nettverk som reknas for å vere dei viktigaste faktorane for å lukkas med integrering. Det internasjonale mangfaldet visast tydeleg att i det offentlege- og privat næringsliv og organisasjonsliv der dei tilsette gjenspeglar samansetninga av befolkninga elles i samfunnet der om lag 13% av dei tilsette har innvandrarbakgrunn.

9.2 *Vegval*

- Flora kommune skal ha ein offensiv innvandrings- og integreringspolitikk og:
 - Styrke dei kommunale tenestene si rolle i integreringsarbeidet
 - Styrke mulighetene for innvandrarar å lære seg norsk og kome seg i jobb
 - Styrke frivillig sektor si rolle i høve innvandrarar
- Kommunen skal ta ansvar for integrering og inkludering og ha eit tilbod som er tilpassa eit språkleg og kulturelt mangfald og sikre god informasjon gjennom riktige kanalar.
- Kommunen skal sikre rett kompetanse hjå sine tilsette for å imøtekomme dei ulike behova og for å fange opp sentrale utfordringar hjå innvandrarar.
- Kommunen satsar på eit enkelt og vedvarande system for jamleg, løysingsorientert samhandling mellom alle tenestene som jobbar med innvandring og integrering
- I Flora kommune er det eit system for samhandling mellom det offentlege, næringsliv, innvandrarorganisasjonar og andre frivillige lag og organisasjonar med fokus på språk, jobb og sosial inkludering for å sikre trivsel og god integrering av innvandrarar.
- KF Innvandrarsenteret er framleis eit kommunalt føretak delt inn i tre einingar; Solbakken Asylmottak, Integreringsavdeling og Vaksenopplæringa, som alle har kvar sine hovudansvarsområde innan drift av asylmottak, kommunal busetting og integrering av flyktningar, opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar. KF Innvandrarsenteret skal samordne all kommunal innsats på flyktning- og innvandrarfeltet og drive utviklingsarbeid på feltet.
- Flora kommune skal med KF Innvandrarsenter bygge opp eit regionalt kompetansesenter innan innvandrings- og inkluderingsarbeid, eit kunnskaps- og utviklingscenter som skal vise gode modeller for integrering. Det vil vere ein fordel å samlokalisere dette senteret i lag med andre utdannings- og utviklingsaktørar for å styrke tverrfagleg utviklingsarbeid.
- Flora kommune skal årleg vurdere konkret kor mange flyktningar som skal busettast, der råd frå IMDi og KF Innvandrarsenteret skal vege tungt.
- Flora kommune legg til rette for at flyktningar og innvandrarar deltar aktivt i utdanningsløp, arbeidsliv og organisasjonsliv for å bli godt integrert.

- Flora kommune har fokus på tidlig innsats for å sikre god integrering av barn og unge.
- Flora kommune legg til rette for at innvandrarkvinner får eit tilpassa tilbod for å sikre god språkopplæring og arbeidstrening for å auke mulighet for å få jobb og bli sosialt inkludert.
- Flora kommune har eigarskap i vekst- og attføringsbedrifter. Desse bedriftene kan vere ein ressurs i arbeidet med integrering til bl.a. arbeidstrening, arbeidspraksis og norskopplæring for innvandrarak.

Oppvekst

- Flora kommune legg systematisk til rette for at innvandrarak raskt skal tileigne seg språk og samfunnskunnskap.
- Det blir gitt opplæring i nynorsk, det er også ein del av den lokale tilpassinga.
- Det er eit kontinuerleg arbeid å finne dei beste organisatoriske faglege og metodiske løysingane for god integrering.
- Det er god integrering at barn og unge kjem raskt inn i barnehage og SFO.

Kommunen sikrar med dette lik og god opplæring og legger til rette for at innvandrerborn- og ungdom kan ta vidare utdanning og bli klare for arbeidslivet.

Bustader

- Flora kommune nyttar både private og kommunale bustader ved busetting av flyktningar.
- Flora kommunen skal stimulere innvandrarak til å busette seg i andre delar av Flora kommune enn i Florø sentrum.
- Det er eit mål å integrere flest mogeleg av innvandrarakane i den ordinære bustadmarknaden.

Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse

- I Flora kommune er det samhandling mellom aktørar som jobbar med praksisplassar, og næringsliv, for ei målretta og tilpassa arbeidstrening for innvandrarak.
- Det skal leggas til rette for målretta utdanning og arbeidstrening innan yrke som næringa har behov for som t.d. helsefagopplæring, bussjåfør, trailersjåfør.
- Flora kommune legg til rette for auke kompetanse innan bedriftsetablering for innvandrarak

Kultur og Idrett

- Kommune satser på tilrettelegging for innvandrarak som ønskjer delta i frivillig arbeid og bli med i lag og organisasjonar.
- Flora kommune sitt kulturtilbod skal vere tilgjengeleg for det kulturelle mangfaldet som bur i kommunen.

Helse og Omsorg og Folkehelse

- Kommunen satser på kompetanseheving innan migrasjonshelse som gir kunnskaper om ulike innvandrergrupper sin sjukdomsførekost og om kulturelle utfordringar. Dette for å sikre innvandrarak ei likeverdig helse- og omsorgsteneste. Dette gjeld både fysisk og psykisk helse. Det skal vere eit system som fanger opp sentrale utfordringar og sikre god oppfølging. Utfordringar knytt til særskilte, kulturelle skikkar skal takast spesielt omsyn til.
- Flora kommune skal legge til rette for å dele kunnskap og motivere innvandrarak til å ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet og sunt kosthald. Kommunen har fokus på helseskader og økonomiske konsekvensar ved røyking.

10. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

10.1 *Framtidsbilde:*

Flora kommune skal vere ein attraktiv, effektiv og utviklingsorientert organisasjon som nyttar ressursane på ein mest mogleg kostnads- og ressurseffektiv måte der ein skal gje kommunale løysingar og tenester for framtida og til innbyggjarane sitt beste

10.2 *Vegval*

- Den politiske styringsforma er lagt for kommunestyreperioden vi er inne i til hausten 2019/ut 2019.
- Resultatet av kommunereforma kan påverke vegvala for kommunen som organisasjon, mellom anna interkommunalt samarbeid.
- Organisasjonsstrukturen må være tilpassa den politiske styringsmodellen, på ein slik måte at dette gir god styring og evne til prioritering til beste for innbyggjarane.
- Organisasjonsstrukturen må endrast/eller tilpassast nye krav til effektiv og god tenesteproduksjon. Struktur i høve leiing og forholdet leiing – fag, og korleis bruk av ny teknologi kan innpassast er viktig å avklare og kan påvirke dei val ein gjer. Modernisering og effektiv bruk av IT-teknologi er nødvendig på ein del område. I avgjerdsleprosessane om endringar organisasjonsstruktur, er det viktig med brei deltaking frå nøkkelpersonar og tillitsvalde.
- Val av metodar for organisasjonsutvikling, for å sikre nytenking, refleksjon og kvardagsinnovasjon i heile organisasjonen til ei kvar tid. Vi må vurdere om vi gjer dei rette tinga og dei rette tinga rett.
- For at Flora kommune skal vere ein ansvarleg organisasjon med eit godt arbeidsmiljø, er det viktig å gjennomføre systematiske brukarundersøkingar, medarbeidar/arbeidsmiljøundersøkingar, finne gode metodar/rutinar for reduksjon og oppfølging av sjukefråvær, lage kompetanseutviklingsplanar, og planar for rekruttering- og personalplanlegging og gode system for kvalitetsutvikling, evaluering og refleksjon.
- Samlokalisering av administrative tenester i felles bygg, for å oppnå betre samarbeid og kommunikasjon, som føresetnad for god og effektiv drift av kommunen. Dette må prioriterast.
- Organisasjonen må prioritere kompetanseutvikling av leiarar og mellomleiarar, som har fått delegert administrativt ansvar i organisasjonen. Nytt administrativt delegeringsreglement må utarbeidast og dette må sjaåst i samanheng
- Organisasjonen må tilby god opplæring av nyttilsette og informasjon (regelverk ol.) må vere lett tilgjengeleg via websida til kommunen.
- Det må utarbeidast ein strategi for fastare organisering mellom kommunen og dei frivillige laga.

11. SAMARBEID UTANFOR KOMMUNEN

11.1 Framtidsbilde

Flora kommune er ein kommune som samarbeider for å få til best mogleg tenesteproduksjon og samfunnsutvikling både internasjonalt, nasjonalt og regionalt.

11.2 Vegval

Internasjonalt

- Strategisk samarbeid med aktuelle kommunar som kan gje gjensidig utbytte når det gjeld teneste, nærings- og samfunnsutvikling. Dette i samarbeid med lokalt næringsliv.
- Delta i internasjonale samarbeid. T.d.
 - Interregprogram der det er naturleg.
 - Nora samarbeid
 - Vestnorsk Brussel kontor.
 - Andre arenaer

Nasjonalt

- Delta i aktuelle KS nettverk som stettar eller er med på å syte for å kommunen oppnår sine framtidsbilder eller som ein del av kommunen sine vegval.
- I samanhengar kor det er naturleg drive med påverknad ("Lobby") mot sentrale styresmakter.
- Søke å vere med på andre nasjonale program som stettar eller er med på å syte for at kommunen oppnår sine framtidsbilder eller som ein del av kommunen sine vegval. Dette både innanfor tenesteproduksjon, nærings,- og samfunnsutvikling.
- Når det kjem opp aktuelle situasjonar som kan medføre regionale eller nasjonale funksjonar og eller regionale eller nasjonale arbeidsplassar så skal kommunen lage ein felles samla strategi for korleis ein skal tilnærma seg den aktuelle moglegheita. Der det er naturleg skal dette gjerast i samarbeid med nabokommunar eller næringslivet.

Regionalt

- Få på plass formelle samarbeidsorgan langs kysten som er godt politisk forankra i alle kommunane. Tema for slikt samarbeid kan t.d. vere:
 - Plansamarbeid,
 - kommunikasjonar,
 - næringssamarbeid,
 - kommunale tenester
 - utdanningFlora kommune skal ta initiativ til slikt samarbeid og dette må gjerast uansett kommunestruktur.
- Fortsette samarbeid med nabokommunar
- Fortsette å delta i fagnettverk og der det er naturleg søke å ha ei sentral rolle i slike nettverk.
- Vurdere behovet for interkommunalt samarbeid i lys av kva for oppgåver vi skal løyse etter avklaring i oppgåverreform, regionreform og kommunereforma.